



INSTITUTTRÅD VED GRIEGAKADEMIET – Institut for musikk

Sak nr.: 4/24
Sakstype: Vedtak

ePhorte saksnummer: 2024/1635
Møte: 2/24

Endring av emneoppbygging på Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

Bakgrunn for saka

Den femårige programevalueringa for Femårig integrert mastergrad i musikkterapi, som låg til grunn for reakkrediteringa av programmet våren 2023, avdekkar behov for revidering av studieprogrammet. På bakgrunn av dette er det sett i gang ein revisjonsprosess, leia av ei arbeidsgruppe bestående av programstyreleiar, programkoordinator og studiekonsulent. I denne prosessen har det òg vore gjennomført to heildagsseminar med lærarkollegiet på musikkterapi.

I arbeidet med revideringa er det naudsynt å jobbe parallellt med mindre og større endringar. Det vil òg vere ulikt behov for kor raskt endringane vert iverksatt. Eit behov for rask endring, som kjem tydeleg fram i evalueringsrapporten, gjeld emnet PSYK111 Innføring i psykologi, som er obligatorisk for studentar ved MAHF-INMUT i tredje semester. Dette emnet har historisk skapt utfordringar, og er det emnet studentane våre hovudsakleg heng att i. Låge gjennomføringstal for emnet fører til forseinking i studiet for fleire studentar, og evalueringsrapporten peiker på at det tyder på at PSYK111 er ein medverkande faktor til fråfall på studiet. Rapporten eksemplifiserer dette med tal frå studieåret 2022/2023, som syner at 9/12 studentar ikkje har gyldig resultat på emnet etter konteeksamen våren 2023. Status i dag er at kun ein student til har oppnådd gyldig resultat. Det vil seie inn i det tredje semesteret etter normert eksamen i emnet, er det 8 av 12 studentar som ikkje har gyldig resultat, tre av desse har kun eitt forsøk igjen på emnet, og står i fare for å miste studieretten. Andre vil få forseinka progresjon. Dei endelege konsekvensane av dette vert klart etter ny eksamen våren 2024, der sensur kjem i mars, men per no er prognosane at me neste år vil ha eit fyrste års mastertrinn med 3-5 studentar. Dette er kritiske tal, og tiltak er naudsynt.

Programstyret ynskjer å endre emnestrukturen i studieplanen for MAHF-INMUT, med innføring av tre valfrie emner på 15 sp i staden for obligatorisk *PSYK111 Innføring i psykologi*.

For utdjupande skildring, sjå saksframlegg til MUTP 6/24.

Til saka

Forslag til revisjon er vedlagt. Følgjande endring er føreslått:

- **Obligatoriske emne:**

Stryke PSYK111 frå lista, og leggje til under:

I tillegg må studenten velje eitt av følgjande tre emne:

PSYK111 / Innføring i psykologi og psykologiens historie (15 stp.)

SANT104 / Kultur, mening og kommunikasjon (15)

MUV280 / Popular music studies (15)

- **Rekkefølge for emnet:**

Endre fyrste kolonne for emne 3. sem – i både tabell for normalprogresjon og forskingslinja:

PSYK111 / Innføring i psykologi og psykologiens historie (15)

eller SANT104 / Kultur, mening og kommunikasjon (15)

eller MUV280 / Popular music studies (15)

Forslag til vedtak:

Instituttrådet ved Griegakademiet- Institutt for musikk godkjenner forslag til revisjon av studieplan for MAHF-INMUT. Endringane trer i kraft frå og med hausten 2024.

Vedlegg:

1. Forslag til revidert studieplan med emneplanar for PSYK111 / Innføring i psykologi, SANT104 / Kultur, mening og kommunikasjon og MUV280 / Popular music studies
2. Saksframlegg til MUTP 6/24, INMUT programstyre 16.02.24

Randi Rolvsjord
Instituttleiar

Hild C. Vang
Sakshandsamar

Studieplan for Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

Integrated Master's Programme in Music Therapy

Godkjenning:

Studieplanen er godkjend av:

Programstyret:	2022
Instituttrådet ved GA	2022
Utdanningsutvalget	2022
Fakultetsstyret	2022

Studieplanen vart justert: Endring av emnestruktur

Godkjend av:	
Programstyret	2024
Instituttrådet ved GA	

Evaluering:

Studieprogrammet vart sist evaluert:.....(2023)

Neste planlagde evaluering:(2027/2028)

Namn på studieprogrammet

Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

Name of the programme of study

Integrated Master's Programme in Music Therapy

Namn på grad

Master i musikkterapi

Omfang og studiepoeng

300 studiepoeng

Fulltid/deltid

Fulltid

Undervisningsspråk

Normalt norsk, med mindre anna er opplyst i emneplanen for det einskilde emnet. Enkelte førelesingar vil vere på engelsk.

Studiestart

Haust

Mål og innhald

Det integrerte masterprogrammet i musikkterapi ved Fakultet for kunst, musikk og design (KMD), Universitetet i Bergen, skal kvalifisere for musikkterapeutisk yrkesutøving i helsevesenet, pedagogiske kontekstar og samfunnet elles og skal setje studenten i stand til å gå inn i forplikande tverrfagleg samarbeid. Studiet gjev ei innføring i forskning og formidling av musikkterapi og gjev grunnlag for vidare kvalifisering for dette gjennom doktorgradsstudium.

Læringsutbyte**Kunnskapar**

Studenten har evne til kritisk refleksjon med utgangspunkt i sentrale verdiar og teoriar innan fagområdet, og kan grunnje, vidareutvikle og formidle eige arbeid. Studenten har òg kjennskap til sentrale kvalitative og kvantitative forskingsmetodar og evner å bruke relevant forskingsmetodikk for utvikling av ny kunnskap.

Studenten har djupneforståing av eige fag og breiddeorientering i høve til feltet musikk og helse, slik at kandidaten er i stand til å samarbeide med andre fagpersonar og med brukarar og pårørande

Dugleikar

Studenten har praktisk-metodisk dugleik og kreativitet innan musikk og er i stand til å engasjere menneske i helsefremjande musikalsk praksis.

Generell kompetanse

Studenten evnar å bruke relevant forskingsmetodikk for utvikling av ny kunnskap. Studenten har god kommunikasjonsevne og mellommenneskeleg sensitivitet og kan møte menneske med respekt og forståing.

Opptakskrav

Generell studiekompetanse eller realkompetanse. Det er i tillegg opptaksprøve for alle søkerar og opptak skjer etter ei heilskapleg vurdering der det blir lagt vekt på karakterar og på kandidaten si gjennomføring av opptaksprøva. Opptaksprøva har tre hovudkomponentar:

- i) innstudert materiale på hovud- og biinstrument,
- ii) prøve i dialogisk improvisasjon og bruksinstrument (vanlegvis piano eller gitar), og
- iii) intervju.

Det er ein føresetnad for opptak at søkeren skriv under på løfte om teieplikt og leverer godkjend politiattest. Etter nærare gitte reglar vil det vere høve til å søkje om innpass i det integrerte masterprogrammet.

Tilrådde forkunnskapar

Tilrådde forkunnskapar inkluderer praktisk erfaring frå arbeid med menneske med særlege behov og teoretisk og praktisk dugleik i musikk minimum tilsvarande godt avgangsnivå for musikklinje på vidaregåande skule. Praktisk dugleik i musikk må omfatte hovudinstrumentdugleik og bruksmusikkkompetanse på eit akkompagnementsinstrument. Breidde i høve til (bi)instrument og sjangerkunnskap er ein fordel.

Innføringsemne

Integrert master i musikkterapi inneheld 30 studiepoeng med innføringsemne. Førstesemesterstudiet er sett saman av Ex.phil (10 stp) og Ex.fac, akademisk skriving (10 stp) og innføringsemnet MUTP100 / Innføring i musikkterapi (10 stp.). For innpassingsstudentar vil tilsvarande innføringsemne frå andre fakultet kunne godkjennast.

Obligatoriske emne

Følgjande emne er obligatoriske i studieprogrammet:

EXPHIL-HF / Examen philosophicum
EXFAC00AS / Examen facultatum, Akademisk skriving
MUTP100 / Innføring i musikkterapi (10 stp.)
~~PSYK111 / Innføring i psykologi og psykologiens historie (15)~~
MUF101 / Musikk, kultur og samfunn (15 stp.)
MUTP102 / Musikkterapeutisk bruksmusikk (15 stp.)
MUTP103 / Musikkterapiteori (10 stp.)
MUTP104 / Musikkering (Musicking) (10 stp.)
MUTP105 / Samspel i musikkterapi (10 stp.)
MUTP202 / Samfunnsmusikkterapi (15 stp.)
MUTP205 / Innføring i musikkterapeutisk praksis (15)
MUTP206 / Musikkterapeutisk teoriutvikling (10)
MUTP207 / Kreativ stemmebruk i musikkterapi (5)
MUTP300 / Musikkterapi i barn og unges oppvekst (15)
MUTP302 / Musikkterapeutisk improvisasjon (15 stp.)
MUTP303 / Musikkterapeutisk profesjonskunnskap (15 stp.)
MUTP305 / Musikkterapi i helsesektoren I (15)
MUTP306 / Musikkterapi i helsesektoren II (15)
MUTP312 / Musikkterapeutisk forskingsmetode (15 stp.)
MUTP350 / Masteroppgåve i musikkterapi (30 stp.) eller MUTP360 / Masteroppgåve i musikkterapi (60 stp.).

I tillegg må studenten velje *eitt* av følgjande tre emne:

PSYK111 / Innføring i psykologi og psykologiens historie (15 stp.)
SANT104 / Kultur, mening og kommunikasjon (15)
MUV280 / Popular music studies (15)

Obligatoriske praksisemne (ikkje studiepoenggjevande)

- MUTPRA 101 / Musikkterapeutisk praksis 1
- MUTPRA 102 / Musikkterapeutisk praksis 2
- MUTPRA 201 / Musikkterapeutisk praksis 3
- MUTPRA 301 / Musikkterapeutisk praksis 4
- MUTPRA 302 / Musikkterapeutisk praksis 5
- MUTPRA 303 / Musikkterapeutisk praksis fordjuping

Obligatoriske aktivitetar

All undervisning og praksis er obligatorisk, sjå emneplanane og praksishefte for spesifikasjon. Fråvær på meir enn 20 % fører normalt til tap av eksamensrett. Dette gjeld på kvart einskild kurs i emnet. Obligatoriske undervisningsaktivitetar er spesifiserte for kvart emne og må vere godkjende før eksamen. Gjennomførte obligatoriske undervisningsaktivitetar er gyldige i to semester.

Spesialisering

Ingen

Tilrådde valemne/frie studiepoeng

Frie studiepoeng innan nærskylde fag som musikk, psykologi, sosiologi, antropologi, pedagogikk, medisin eller andre helsefag vil kunne vere relevante.

Tilrådde frie studiepoeng vil vere under kontinuerleg utvikling, etter som musikkterapi utviklar seg som fag og forskingsfelt ved UiB og i eit internasjonalt forskingsnettverk. Studentar vert difor oppmoda til å velje frie studiepoeng i samråd med fagpersonalet.

Omfang masteroppgåve

Masteroppgåva er på 30 stp. Studentar på Forskingslinja skriv ei masteroppgåve på 60 stp.

Delstudium i utlandet

Du kan ta delar av utdanninga di som utvekslingsstudent i eit anna land. Du kan velje blant Universitetet i Bergen sine avtaler i heile verda, og det er skapt rom for nasjonal/internasjonalt utveksling i det femte semesteret. Emna må førehandsgodkjennast av UiB.

Rekkefølge for emne i studiet, normalprogresjonen

Tabell 1 skisserer normalprogresjonen i studiet, der det er lagt vekt på kontinuitet i høve til innhaldskomponentar, samstundes som det i femte semester er skapt rom for nasjonal/internasjonalt utveksling. Innpassingsstudentar får individuelt tilpassa utdanningsplanar, sjå nedanfor.

	Emne (15 stp)		Emne (15 stp)	
1. sem	Ex.phil / Examen philosophicum (10)	Ex.fac / Examen facultatum, Akademisk skriving (10)	MUTP100 / Innføring i musikkterapi (10)	
2. sem	MUTP103 / Musikkterapiteori (10)	MUTP104 / Musikkering (10)	MUTP105 / Samspel i musikkterapi (10)	
3. sem	PSYK111 / Innføring i psykologi og psykologiens historie (15) <i>eller SANT104 / Kultur, mening og kommunikasjon (15)</i> <i>eller MUV280 / Popular music studies (15)</i>	MUF101 / Musikk, kultur og samf. (15)	MUTP102 / MT bruksmusikk (15)	

4. sem	MUTP205 / Innføring i musikkterapeutisk praksis (15)	MUF101 / Musikk, kultur og samf.	MUTP102 / MT bruksmusikk
5. sem	30 frie studiepoeng		
6. sem	MUTP202 / Samfunnsmusikkterapi (15)	MUTP206 / Musikkterapeutisk teoriutvikling (10)	MUTP207 / Kreativ stemmebruk i musikkterapi (5)
7. sem	MUTP300 / Musikkterapi i barn og unges oppvekst (15)	MUTP305 / MT i helsesektoren I (15)	MUTP302 / MT improvisasjon (15)
8. sem	MUTP 312 / Musikkterapeutisk forskingsmetode (15)	MUTP305 / MT i helsesektoren I	MUTP302 / MT improvisasjon
9. sem	MUTP350 / Masteroppgåve (30)	MUTP306 / MT i helsesektoren II (15)	MUTP303 / MT profesjonskunnskap (15)
10. sem	MUTP350 / Masteroppgåve	MUTP306 / MT i helsesektoren II	MUTP303 / MT profesjonskunnskap

*Studentar med godkjend bachelorgrad eller tilsvarande og dessutan toårig vidareutdanning i musikkterapi eller tilsvarande som har fått opptak til den vitskapelege delen av Femårig integrert masterprogram i musikkterapi, sjuande til tiande semester, følgjer undervisninga i emna MUTP313, MUTP312 og MUTP350.

7. sem	MUTP313 / Musikkterapi særemne (15 stp.)
8. sem	MUTP 312 / Musikkterapeutisk forskingsmetode (15 stp.)
9. sem	MUTP350 / Masteroppgåve (30 stp.)
10. sem	MUTP350 / Masteroppgåve

Tabell 1: Normalprogresjonen i integrert masterprogram i musikkterapi.

Variant av normalprogresjon: Forskingslinje

Forskingslinja gjer det mogeleg å fordjupe seg i forskingsmetode og/eller teori, og å skrive ei masteroppgåve på 60 stp. Søknadsfrist til Forskingslinja er 15. april i 4. semester. For å kunne søkje, må snittkarakteren for dei fire første semester vere B eller betre. Studentar på Forskingslinja tar MUTP300 i 5. semester og har det same semesteret 5 frie studiepoeng der det er forventa at dei tar eit forskingsrelevant emne innan forskingsmetode/statistikk eller teori. I 6. semester tar Forskingslinje-studentane 40 studiepoeng, i emna MUTP312, MUTP202 og MUTP206. Emnet MUTP207 / Kreativ stemmebruk går ut som obligatorisk emne for Forskingslinje-studentane, men dei kan søkje om å ta dette emnet i 8. eller 10. semester.

1. sem	Ex.phil / Examen philosophicum	Ex.fac / Examen facultatum, Akademisk skrivning	MUTP 100 / Innføring i musikkterapi
2. sem	MUTP103 / Musikkterapiteori (10)	MUTP104 / Musikkering (10)	MUTP105 / Samspel i musikkterapi (10)
3. sem	PSYK111 / Innføring i psykologi og psykologiens historie (15)	MUF101 / Musikk, kultur og samfunn (15)	MUTP102 / Musikkterapeutisk bruksmusikk (15)

	<i>eller</i> SANT104 / Kultur, meining og kommunikasjon (15) <i>eller</i> MUV280 / Popular music studies (15)		
4. sem	MUTP205 / Innføring i musikkterapeutisk praksis (15)	MUF101 / Musikk, kultur og samfunn	MUTP102 / Musikkterapeutisk bruksmusikk
5. sem	5 frie studiepoeng	MUTP300 / Musikkterapi i barn og unges oppvekst (15)	
6. sem	MUTP312 / Musikkterapeutisk forskingsmetode (15)	MUTP202 / Samfunnsmusikkterapi (15)	MUTP206 / Musikkterapeutisk teoriutvikling (10)
7. sem	MUTP360 / Masteroppgåve (60)	MUTP305 / MT i helsesektoren I (15)	MUTP302 / Musikkterapeutisk improvisasjon (15)
8. sem	MUTP360 / Masteroppgåve	MUTP305 / MT i helsesektoren I	MUTP302 / Musikkterapeutisk improvisasjon
9. sem	MUTP360 / Masteroppgåve	MUTP306 / MT i helsesektoren II (15)	MUTP303 / Musikkterapeutisk profesjonskunnskap (15)
10. sem	MUTP360 / Masteroppgåve	MUTP306 / MT i helsesektoren II	MUTP303 / Musikkterapeutisk profesjonskunnskap

Tabell 2: Progresjon for studentar på Forskingslinja ved integrert masterprogram i musikkterapi.

Rekkefølge for praksisgjennomføringa

1. sem	MUTPRA101 / Musikkterapeutisk praksis 1
2. sem	MUTPRA101 / Musikkterapeutisk praksis 1
3. sem	
4. sem	MUTPRA102 / Musikkterapeutisk praksis 2
5. sem	
6. sem	MUTPRA201 / Musikkterapeutisk praksis 3
7. sem	MUTPRA301 / Musikkterapeutisk praksis 3
8. sem	MUTPRA302 / Musikkterapeutisk praksis 4
9. sem	MUTPRA303 / Musikkterapeutisk praksis fordjuping
10. sem	MUTPRA303 / Musikkterapeutisk praksis fordjuping

Krav til progresjon

MUTP100 må vere gjennomført og bestått før ein kan avlegga eksamen i MUTP103, MUTP104, MUTP105, MUTP205 og MUTP202. Unntaket er studentar med individuelt tilpassa utdanningsplanar.

Alle kurs på 100- og 200-nivå vere fullførte og godkjende før kurs på 300-nivå. Unntaket er studentar som har søkt og fått godkjent opptak til Forskingslinja, se krav og eigen studieveg.

MUTP312 må vere gjennomført og bestått før ein kan ta eksamen i MUTP350 eller MUTP360.

Omfang masteroppgåve

Masteroppgåva er på 30 stp. Studentar på Forskingslina skriv ei masteroppgåve på 60 stp.

Undervisningsmetodar

Programmet omfattar ulike undervisningsformer; til dømes førelesingar, seminar, individuell rettleiing, grupperettleiing og praksis. Undervisninga vil i hovudsak skje på dagtid, medan praksis kan kome både på dagtid, kveldstid og i helgar. I tillegg kjem interne konsertar og liknande arrangement.

Ut i frå målsetjing og skissert læringsutbyte for studiet, er det ein føresetnad at studentane er villige til å gå inn i prosessar der dei arbeider både med teoretisk og akademisk refleksjon, med musikalsk og metodisk kompetanse og med personleg utvikling knytt til rolla som terapeut og samarbeidande menneske. Det vil vere ei veksling mellom lærarstyrt undervisning, gruppearbeid og studentframlegg. Det blir såleis lagt vekt på arbeidsformer som krev sjølvstende og samstundes evne til samarbeid og problemløysing. Det blir gitt kontinuerleg rettleiing av praksis (gjeld MUTP202, MUTP205, MUTP300, MUTP305 og MUTP306).

Vurderingsformer

Gjennom programmet vert studentane prøvd på ulike måtar, eksempelvis ved skuleeksamen, mappevaluering, semesteroppgåve, foredrag og munnleg/praktisk prøve. Sjå elles emneplanen for det einskilde emnet. For å bestå det integrerte mastergradstudiet i musikkterapi, må kandidaten få godkjend alle obligatoriske aktivitetar og eksamenskrav innanfor dei ulike emne.

Litteraturliste

Lista vil vere klar innan 01.06 / 01.01 for det komande semesteret.

Karakterskala

Ved sensur av emna i programmet kan det bli nytta ein av to karakterskalaer:

- 1) A-F, der F er stryk
- 2) Greidd/ikkje greidd

Sjå emneplanen for det einskilde emnet.

Vitnemål og vitnemålstillegg

Vitnemål blir skrivne ut etter at graden er fullført.

Grunnlag for vidare studium

Det integrerte masterprogrammet i musikkterapi kvalifiserer til opptak til ph.d-utdanning.

Relevans for arbeidsliv

Studiet skal gjere studentane skikka til å gå inn i følgjande yrkesfunksjonar:

1. Musikkterapeutisk og utviklingsstøttande arbeid innan førskule, skule, kulturskule og vaksenopplæring
2. Musikkterapeutisk og førebyggjande arbeid innan ulike miljøtiltak, som barne- og ungdomsarbeid, fengsel og ulike typar interesseorganisasjonar
3. Musikkterapeutisk arbeid innan helsevesenet, inklusivt habilitering, nevrorehabilitering, psykisk helsevern, eldreomsorg og palliativ omsorg
4. Forsking i og formidling av musikkterapi.

Evaluering

Evaluering av programmet vert gjennomført i tråd med retningslinene for kvalitetssikring ved UiB.

Emne- og programevalueringar finn ein på kvalitetsbasen.uib.no

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet.

Administrativt ansvarleg

~~Griegakademiet – Institutt for musikk har det administrative ansvaret for studieprogrammet.~~

Fakultt for kunst, musikk og design

Kontaktinformasjon

studieveileder@kmd.uib.no

Femårig Integrrert masterprogram i musikkterapi, emneplanar

PSYK111 / Innføring i psykologi og psykologiens historie

[Innføring i psykologi og psykologiens historie | Universitetet i Bergen \(uib.no\)](#)

SANT104 / Kultur, mening og kommunikasjon

[Kultur, mening og kommunikasjon | Universitetet i Bergen \(uib.no\)](#)

MUV280 / Popular Music Studies

[Popular Music Studies | Universitetet i Bergen \(uib.no\)](#)



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

Saksvedlegg

PROGRAMSTYRET FOR FEMÅRIG INTEGRERT MASTERGRAD I MUSIKKTERAPI

Sak nr.: 6/24

Sakstype: Vedtak

ePhorte saksnummer:

Møte: 2/24 – 16.02.2024

MUTP 6/24 Endring av studieplanens emnestruktur

Bakgrunn

Den femårige programevalueringa for Femårig integrert mastergrad i musikkterapi, som låg til grunn for reakkrediteringa av programmet våren 2023, avdekkar behov for revidering av studieprogrammet. På bakgrunn av dette er det sett i gang ein revisjonsprosess, leia av ei arbeidsgruppe bestående av programstyreleiar, programkoordinator og studiekonsulent. I denne prosessen har det òg vore gjennomført to heildagsseminar med lærarkollegiet på musikkterapi.

I arbeidet med revideringa er det naudsynt å jobbe parallellt med mindre og større endringar. Det vil òg vere ulikt behov for kor raskt endringane vert iverksatt. Eit behov for rask endring, som kjem tydeleg fram i evalueringsrapporten, gjeld emnet PSYK111 Innføring i psykologi, som er obligatorisk for studentar ved MAHF-INMUT i tredje semester. Dette emnet har historisk skapt utfordringar, og er det emnet studentane våre hovudsakleg heng att i. Låge gjennomføringstal for emnet fører til forseinking i studiet for fleire studentar, og evalueringsrapporten peiker på at det tyder på at PSYK111 er ein medverkande faktor til fråfall på studiet. Rapporten eksemplifiserer dette med tal frå studieåret 2022/2023, som syner at 9/12 studentar ikkje har gyldig resultat på emnet etter konteeksamen våren 2023. Status i dag er at kun ein student til har oppnådd gyldig resultat. Det vil seie inn i det tredje semesteret etter normert eksamen i emnet, er det 8 av 12 studentar som ikkje har gyldig resultat, tre av desse har kun eitt forsøk igjen på emnet, og står i fare for å miste studieretten. Andre vil få forseinka progresjon. Dei endelege konsekvensane av dette vert klart etter ny eksamen våren 2024, der sensur kjem i mars, men per no er prognosane at me neste år vil ha eit fyrste års mastertrinn med 3-5 studentar. Dette er kritiske tal, og tiltak er naudsynt.

Til saka

I rapporten for den femårige evalueringa, 2023, vart det skissert eit strakstiltak og tre alternativ til tiltak på lengre sikt:

Som et strakstiltak for PSYK111 vil vi gjeninnføre kollokviegrupper ledet av studentassistent eller fagstab høst 2023, samt inngå dialog med Psykologisk fakultet om situasjonen. På lengre sikt må vi evaluere emnets verdi, relevans og kvalitet i forhold til studieprogrammets overordnede læringsmål og vurdere hvorvidt det fremdeles skal være en del av den obligatoriske studieprogresjonen. I den forestående revisjonen av studieplanen vil vi utrede følgende alternativ: 1. fortsette dagens praksis evt. med permanente ordninger for støtte i form av veiledning/kollokviegrupper, 2. åpne for at studentene kan velge mellom PSYK111 og et begrenset utvalg andre relevante åpne emner f.eks innen helse- og sosialfaglig studieretning, 3. utvikle et nytt emne som bedre tjener vårt studieprogram og sikrer god gjennomstrømning. (Evalueringsrapport, s. 7)

Arbeidsgruppa for programrevideringa har vurdert alternativa over. Vurderinga bygger på tilgjengeleg talmateriale, føregående evalueringsprosessar og gjennomførte tiltak, diskusjonar på lærarmøter, samtalar med studentar og lesing av emneplan for PSYK111 opp imot studieplanen for INMUT.

Hausten 2023 vart det tilsett studentassistent som leia 3 kollokviegruppe, med god oppslutning. Dette ga likevel ikkje ynskja effekt på gjennomføringa hausten 2023, og arbeidsgruppa vurderer at alternativ 1 ikkje vil vere tilstrekkeleg som tiltak på lengre sikt.

I vurderinga av emnet PSYK111 sin verdi, relevans og kvalitet opp imot studieprogrammets overordna læringsmål framstår det ikkje openbart at emnet bidreg med naudsynt kunnskap og kompetanse i musikkterapigraden. Attendemeldingar frå studentar peikar òg på at slik emnet framstår, er det vanskeleg å sjå relevansen opp imot musikkterapifeltet. Undervisingsformer og eksamensform skil seg òg frå øvrige emne i musikkterapistudiet.

På bakgrunn av desse vurderingane framstår alternativ 3 som den beste løysinga, med utviklinga av eit eige emne, som tydeleggjør koplinga mellom psykologi- og musikkterapifeltet, og med moglegheiter for sterkare kopling til praksisfelt og øvrige emne på studiet. Arbeidsgruppa anerkjenner likevel at PSYK111 er eit relevant emne for vårt studieprogram, men ikkje i tilstrekkeleg grad til at det naudsynleg må vere eit obligatorisk krav i graden.

Utviklinga av eit nytt obligatorisk emne, som er tenkt å erstatte PSYK111, vil krevje store faglege og administrative ressursar, og må sjåast som ei større endring, som eventuelt ligg lengre fram i tid. Alternativ 2 trer såleis fram som den mest aktuelle løysinga. Ved å endre emnestrukturen slik at studentar på tredje semester kan velje mellom eitt av tre emne, vil ein oppnå større fleksibilitet i studieoppbygginga og potensielt få høgare gjennomføringstal for tredje semester. Dette vil igjen kunne føre til betre gjennomstrøyming på studiet.

Arbeidsgruppa foreslår såleis å endre emnestrukturen i studieplanen, med innføring av tre valfrie emner på 15 sp i staden for obligatorisk PSYK111 Innføring i psykologi. PSYK111 inngår som eitt av desse emna. Gruppa har kartlagt andre aktuelle emne. Sjå oversikt under.

Aktuelle emne til emneval MAHF-INMUT, 3. semester:

- PSYK111 - Innføring i psykologiens historie
- PSYK109 - Motivasjonspsykologi
- SANT104 - Kultur, mening og kommunikasjon
- SANT105 - Politikk, makt og motstand
- MUV280 - Popular music studies

PSYK111 - INNFØRING I PSYKOLOGI OG PSYKOLOGIENS HISTORIE

Emnet har som mål å gje ei oversikt og innføring i faget psykologi. Studenten lærer mellom anna om ulike perspektiv og analysenivå i psykologien. Studenten vil også lære om psykologifaget sitt teoretiske fundament, psykologien sitt opphav og den historiske utviklinga av psykologi som vitskapleg disiplin.

VURDERINGSFORM:

4 timars skuleeksamen der ein skal svare på 2 av 3 essayoppgåver relatert til innføring i psykologi og 1 av 2 innan psykologiens faghistorie. På eksamen må ein svare tilfredstillande på alle oppgåvene for å greie eksamen.

RELEVANS FOR MAHF-INMUT:

Ei innføring i faget psykologi er relevant som eit rammeverk for å forstå, utforske og praktisere musikkterapi. Dette spesielt i høve til affektive og emosjonelle aspekt ved musikklytting og -deltaking, relasjonelle prosessar og gruppedynamikk. Det kan også være viktig i høve til forståing av diagnoser og handsaming av desse i settingar der det er aktuelt. Grunnleggande kunnskapar innan psykologi kan være viktig i kommunikasjon med andre profesjonar og i fagleg formidling i tverrfaglege team. Ulike retningar innan psykologien, som t.d. psykoanalyse, positiv psykologi, humanistisk psykologi og motivasjonspsykologi er nært knytt til ulike tilnærmingar til musikkterapi. Grunnleggande kjennskap til desse vil såleis kunne gje studentane eit breiare forståingsgrunnlag for ulike former for musikkterapi.

PSYK109 - MOTIVASJONSPSYKOLOGI

Emnet skal gje ei systematisk innføring i korleis menneskeleg motivasjon er resultat av samhandling mellom individet sin åtferd, emosjonar, kognisjon, individuelle forskjellar og tilhøve i miljøet.

Studentane skal få innsikt i a) ulike typar motivasjon, b) korleis motivasjon er ein viktig føresetnad for læring, som påverkar både læringsprosess og prestasjonar, c) strategiar for sterkare og meir føremålstenleg motivasjon og yting, d) korleis motivasjon både kan vere eit uttrykk for relativt stabile individuelle skilnader i personlegdom og resultat av tilpassing til omgjevnadene sine forventningar, og e) samanhengen mellom motivasjon, meistring og sjølvoppfatning.

VURDERINGSFORM:

Skriftleg skuleeksamen på 4 timar der studentane skal besvare 2 av 3 oppgaver.

RELEVANS FOR MAHF-INMUT:

Motivasjonspsykologi er ei utbredt forståingsramme for terapeutisk arbeid i mange settingar. Det vil være relevant for musikkterapistudentar å få ei betre forståing for menneskeleg motivasjon, meistring og sjølvoppfatning og høve mellom desse då dette er sentrale teoretiske konsept og omgrep i kontemporær musikkterapeutisk forskning og praksis.

SANT104 - KULTUR, MEINING OG KOMMUNIKASJON

I sosialantropologien er det sentralt å forstå sosiale handlingar og hendingar i lys av dei ulike meiningar folk tilskriv dei. Kultur er eit sentralt omgrep i faget, og emnet gjer greie for ulike sosialantropologiske perspektiv på kulturell meining både på personnivå og som ein kollektiv, sosial storleik. Emnet tek for seg nokre temaområde der meiningsdimensjonen vert særst synt, slik som ordninga av røynda (klassifikasjon), grunnleggjande verdsåskoding (kosmologi), teikn og kommunikasjon, forvaltning av kunnskap, religiøse førestellingar og konstruksjonar av tid og historie (sosialt minne). Det vert lagt særskilt vekt på å forstå meining som sosial praksis, det vil seie korleis røyndomsorienteringar skapast, vert halde ved like og utfordra gjennom sosialt liv, og korleis produksjon av meining er vevd inn i sosiale relasjonar, økonomiske transaksjonar og utøving av makt. Praksisar metta med meining, slik som ritual, seremoniar, hekseri, magi og åndeinntrenging er difor sentralt i emnet, men emnet tar og opp meiningsaspekt ved estetikk og relasjonar mellom menneske og det ikkje-menneskelege.

VURDERINGSFORM:

Skuleeksamen 8 timar

Eksamensoppgåva vil bli gitt på undervisningsspråket i emnet.

Eksamenssvaret kan leverast på norsk, svensk, dansk eller engelsk.

RELEVANS FOR MAHF-INMUT:

Kulturomgrepet står sentralt i norsk musikkterapitradisjon, og ei sosiologisk og sosialantropologisk forståing av musikkterapi som eit sosialt og kulturelt fenomen er godt etablert. Ei djupare forståing av 'meining som sosial praksis' og av 'korleis røyndomsorienteringar skapast, vert halde ved like og utfordra gjennom sosialt liv, og korleis produksjon av meining er vevd inn i sosiale relasjonar' er viktige for å forstå og utvikle musikkterapeutisk praksis, og særskilt relevant i høve til samfunnsmusikkterapeutisk tenkning og praksis.

SANT105 - POLITIKK, MAKT OG MOTSTAND

I sosialantropologien er det sentralt å forstå korleis makttilhøve gjennomsyrar sosialt liv og pregar fordelinga av sosiale, kulturelle og økonomiske privilegium i samfunn. I dette kurset vert studentane introdusert for sentrale perspektiv innan politisk antropologi, med vekt på viktige omgrep for analysar av makt. Omgrep som autoritet, legitimitet, ideologi, suverenitet, biopolitikk, hegemoni - mothegemoni, diskurs og motstand, vert utdjupa ved hjelp av studiefelt der sosialantropologar gjev viktige forskingsmessige bidrag til forståinga av maktforhold. Døme på slike studiefelt er staten, nasjonalisme, etnisitet, identitetspolitikk, organisert vald og konflikt, internasjonal migrasjon, minoritetspolitikk, politiske og sosiale rørsler, og globalisering. Emnet

siktar imot å utvikle studenten sine evner til å kjenne igjen og kritisk analysere makttilhøve i kvardagslege sosiale relasjonar og sosiale og politiske strukturar. Gjennom kurset vil studentane også få moglegheit til å reflektere over eigen posisjon i maktstrukturar. Kunnskap/makt-relasjonar i antropologifaget vert problematisert i lys av fagkritiske perspektiv innan til dømes feministisk, postkolonial og dekolonial teori.

VURDERINGSFORM:

Skuleeksamen 8 timar

Eksamensoppgåva vil bli gitt på undervisningsspråket i emnet.

Eksamenssvaret kan leverast på norsk, svensk, dansk eller engelsk.

RELEVANS FOR MAHF-INMUT:

Musikkterapi har i aukande grad eit fokus som rettar seg mot globale problemstillingar som t.d. bærekraft, miljø og menneskerettar. Ei djupare forståing for t.d. politiske system og prosessar, for identitetspolitikk, migrasjon og minoritetspolitikk vil være sær relevant for forståinga og praktiseringa av samfunnsmusikkterapi i framtida. Makt og motstand er også sentrale omgrep som er relevante for ressursorienterte tilnærmingar til musikkterapi som skal framme empowerment og likeverd.

MUV280 - POPULAR MUSIC STUDIES

The course aims to give a broad basis for the study of popular music. The course gives an introduction to central approaches in popular music studies. The course takes as a point of departure theoretical perspectives from both the social sciences and the humanities. Specific topics to be explored and discussed include the music industry; readings of popular music texts in relation to race, class, age and gender; music video and popular music in film; ethnographic and historical approaches; world music and world beat; and globalization.

VURDERINGSFORM:

Term paper of ca. 4500-5500 words. This paper will be either a reading (analysis/interpretation) of a specific musical text, or a discussion of a research question in which the task is to set the music within a specific cultural, social or historical context. The term paper can be written in Norwegian or English.

Internal evaluation with at least two examiners.

RELEVANS FOR MAHF-INMUT:

Popular music (rytmisk musikk/populærmusikk) står sentralt i kontemporær musikkterapeutisk praksis. Ei djupare forståing for høva mellom musikkindustri, identitet, sosiale tilhøve og globalisering er relevant for å nytte musikk i dei fleste terapeutiske settingar. Spesielt er det relevant i høve til å reflektere kritisk rundt menneske sitt tilhøve til musikk og i å utforme strategiar og tilnærmingar til musikkterapeutisk praksis som nyttar musikken sine potensial til fulle og som samstundes er sensitiv for individuelle og kulturelle behov og preferansar i høve til genre og stilartar.

Forslag til vedtak

Programstyret vedtek endring av emnestrukturen i studieplanen for Femårig integrert mastergrad i musikkterapi MAHF-INMUT, med innføring av tre valgfrie emner på 15 sp i staden for obligatorisk PSYK111 Innføring i psykologi.

Vedlegg/lenker:

[Programevaluering Integrert mastergrad i musikkterapi MAHF-INMUT](#)

[Studieplan for MAHF-INMUT Musikkterapi, master, 5 år, vår 2024 | Universitetet i Bergen](#)

[PSYK111 Innføring i psykologi og psykologiens historie | Universitetet i Bergen](#)

[PSYK109 Motivasjonspsykologi | Universitetet i Bergen](#)

[SANT104 Kultur, mening og kommunikasjon | Universitetet i Bergen](#)

[SANT105 Politikk, makt og motstand | Universitetet i Bergen](#)

[MUV280 Popular Music Studies | Universitetet i Bergen](#)

Bergen, 13.02.24

Kjetil Hjørnevik, programstyreleiar

Lars Tuastad, programkoordinator

Hild C. Vang, studiekonsulent